



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Tom N. Pedersen, 5557 2119
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
31.03.2017
Dykkar dato
13.02.2017

Vår referanse
2017/2043 431
Dykkar referanse
16/6613

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår frå søknad om uttak av vatn frå Onarheimselva og regulering av Onarheimsvatnet

Fylkesmannen rår frå konsesjon slik saka er presentert. Kunnskapsgrunnlaget må betrast. Det må setjast krav om bruk av best tilgjengeleg teknologi for å redusere vassuttaket mest mogleg. NVE bør nytte høvet til oppretting av tidlegare inngrep som er konfliktfylte for naturmangfald, friluftsliv og landskap.

Fylkesmannen viser til høyring på sak frå Alsaker Fjordbruk AS om uttak av vatn til settefiskproduksjon på dagens anlegg i Onarheim. Det er søkt om å ta ut vatn frå Onarheimselva og å regulere Onarheimsvatnet mellom kote 111 (LRV) og kote 112,5 (HRV). Føremålet er å sikre smolt til eigne anlegg i regionen, og på sikt og levere til eksterne kundar.

Om søknaden

Anlegget produserer i dag rognkjeks som vert nytta som reinsefisk i oppdrettsanlegg. Dette er ein produksjon der det ikkje er trong for ferskvatn. Anlegget har tidlegare vore i drift som smoltanlegg, og hadde då inntak av vatn frå elva, med Onarheimsvatnet som hovudmagasin. Vatnet renn i det naturlege elveløpet 1450 meter ned til inntaket. Dei fysiske installasjonane i vassdraget ligg att frå tidlegare produksjonsperiodar og omfattar dam i Onarheimsvatnet, inntak frå elva på kote 24, vassleidning langs elvebredda ned til anlegget, og utløp i sjøen nedanfor vegen. Området er omfatta av ein reguleringsplan. Anlegget er etter det Fylkesmannen kjenner til tidlegare ikkje regulert etter vassressurslova.

Søknaden gjeld

- Uttak av vatn fra Onarheimvassdraget på 10 m³/min (0,17 m³/s) 24 moh.
- Regulering av Onarheimvatnet mellom HRV 112,5 moh. og LRV 111 moh.
- Slipp av minstevassføring på 70 l/s forbi inntaket 24 moh. heile året.

Alsaker Fjordbruk ha planar om å intensivere produksjonen ved å nytte oppvarma vatn og nytte produksjonskapasiteten i anlegget jamnare over tid. Ein vil og utvide anlegget til å produsere postsmolt ved bruk av sjøvatn og resirkuleringsteknologi. Det vil vere kapasitet til å produsere opp mot 4 millionar smolt årleg. Vi lesar søknaden slik at søkjar då vil nytte anlegget til produksjon av matfisk. Tiltaket kan i kortare periodar føre til redusert vassføring nedanfor dammen i Onarheimsvatnet.

Søkjar sin vurdering av konsekvensane

Det er utarbeidd ein enkel konsekvensvurdering.

Fisk og ferskvassbiologi

Søkjar skriv at Onarheimselva ikkje har eigen bestand av sjøaure eller laks, og fisken som gyter her er feilvandra frå andre vassdrag eller det er rømt oppdrettslaks. Anadrom strekning kan gå opp til dagens inntak på kote 24 ved eit lite fossefall på 3-4 meter. Søkjar er ikkje sikker på om dette og utgjer naturleg hinder for anadrom fisk. Det ligg ein ny foss 30-40 meter ovanfor inntaket, og søkjar meiner at strekket i alle høve gir dårlege gytetilhøve. Nedre del av vassdraget er prega av forbygging, noko som gjer at det er lite grunnlag for fiskeproduksjon her. Vegetasjonen langs elvekanten er fjerna eller redusert.

Planlagt vassforbruk, med slepp av minstevassføring til nedre anadrome strekning, er etter søkjar sin oppfatning ivareteke innafor dagens reguleringsregime i Onarheimsvatnet.

Søkjar meiner og at regulering av Onarheimsvatnet ikkje vil påverke auren i sjølve vatnet, då nedtappinga vil vere avgrensa til vinterhalvåret. Samla sett er konsekvensane for fisk og ferskvassbiologi sett til *liten negativ*.

Landskap og friluftsliv

Nedbørsfeltet til Onarheimsvatnet er stort og variert med fjell, skog, vatn og kulturlandskap. Det er mykje nytta til friluftaktivitetar, då Onarheimsvatnet ligg lett tilgjengeleg ved veg. Kanopadling og andre familieaktivitetar er populært.

Nedtapping av vatnet vil i hovudsak skje i perioden desember – april, og søkjar meiner at området då er i lite bruk. Redusert vassføring vil ikkje verke inn på landskapet nede ved Onarheim i og med at vassføringa i hovudsak vil vere redusert om vinteren. Søkjar har vurdert tiltaket til å ha *liten negativ* konsekvens både for landskap og for friluftsliv.

Fylkesmannens merknader

Landskap og friluftsliv

Fylkesmannen meiner at søkjar undervurderer konsekvensane for landskap og friluftsliv knytt til senking av vasstand i Onarheimsvatnet og endra vassføring i vassdraget. Området vert nytta av lokalbefolkninga og tilreisande, og det er viktig at områda i og langs vassdraget ikkje får reduserte bruks- og opplevingskvalitetar, både sommar og vinter. Kunnskapsgrunnlaget om bruken i samband med friluftsliv er etter vår vurdering ikkje utfyllande. Verdien og bruken av området bør kartleggjast, jf. rettleiar frå Miljødirektoratet M98-2013.

Anadrom fisk og anna naturmangfald

Tidlegare utførte inngrep i vassdraget har etter det Fylkesmannen veit ikkje vore handsama i NVE. Når det no vert søkt om løyve etter vassressurslova er det viktig å gjere utfyllande vurderingar etter §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova. Vilkår om minstevassføring vil inngå i ein eventuell konsesjon.

Det er sjøaure i nedre del av vassdraget. Det er truleg at inntaksområdet ved kote 24 har hindra fisken sin naturlege vandring opp vassdraget. Fylkesmannen meiner at omsyn til anadrom fisk må vurderast ut frå opphavleg tilstand i vassdraget. Vi viser til den kritiske

situasjonen for sjøaurebestandane i Hardangerfjorden. NVE bør nytte høvet til å sette vilkår som kan bidra til å reetablere bestanden av sjøaure i dette vassdraget.

Vassbehov

NVE må sette krav til søkjar om bruk av best tilgjengeleg teknologi, jf. naturmangfaldlova § 12. Eit moderne settefiskanlegg kan driftast ved bruk av resirkuleringsanlegg (RAS-teknologi), noko som reduserer trong for uttak av vatn vesentleg. Fylkesmannen meiner difor det ikkje er nødvendig å opne for meir uttak av vatn frå vassdraget eller å regulere Onarheimsvatnet. Det er viktig å sikre minstevassføring i elva.

Konklusjon

Søknad om uttak av vatn og regulering av Onarheimselva kan vere konflikt i høve til ålmenne interesser, knytt til friluftsliv, landskap og anadrom fisk. Kunnskapsgrunnlaget som er presentert i søknaden er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere relevante interesser på utfyllande måte.

NVE bør nytte høvet til sette krav om oppretting av tidlegare inngrep som kan bidra til å redusere negative konsekvensar for natur og miljø. Det er særleg viktig å betre tilhøva for sjøaure i vassdraget. Søkjar må påleggast å utvikle framtidig settefiskproduksjon med RAS-teknologi for å sikre at uttak av vatn frå vassdraget vert tilpasse det reelle behov.

Fylkesmannen rår frå konsesjon slik søknaden er presentert.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen